




FJALER KOMMUNE
Rådmannskontoret

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep

0030 OSLO



MELDING OM POLITISK VEDTAK

Vår ref.
04/762-5/K1-203, K3-&13//ARK
04/5813

Dykkar ref.

Dato:
10.09.2004

Høyringsfråsegn til NOU 2004:12 Betre skatteinnkrevjing

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fjaler kommunestyre syner til rådmannen sine vurderingar i saksutgreiinga og støttar fleirtalet i "skatteoppkreverutvalget" sitt framlegg om statleggjing av skatteoppjevjarfunksjonen.

.....

08.09.04 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Anne Erstad-van der Vlugt sette fram rådmannen i Hyllestad sitt framlegg:

Fjaler kommunestyre meiner at skatteinnkrevjarfunksjonen fortsatt må vere kommunal. I tillegg til distriktpolitiske omsyn, og omsynet til kommunal sjølvråderett, viser ein til dokumentert gode innkrevjingsresultat. Nærleiken til skatteytarane gir god rettstryggleik og dialog med tanke på løysing av vanskelege innkrevjingssaker. Statleg innkrevjing vil kunne føre til ei sterk sentralisering og framandgjerjing av innkrevjinga, der skattytarane vil stå overfor eit nådelaust vesen utan folkevalt innsyn og kontroll.

Ein innser likevel at det er rom for forbetringar innafør den kommunale organiseringa, med små fagmiljø og til dels små ressursar. For å betre på dette har kommunane i HAFS-regionen gått saman om ei felles stilling for å styrke arbeidsgjevarkontrollen – ei ordning som skattefuten er svært fornøgd med. HAFS-kommunane har elles gått saman med kommunane i

Postadr.:
Postboks 54
6961 DALE I SUNNFJORD

Telefon: 57 73 80 00
Telefaks: 57 73 80 01
Org.nr 864968422
E-post: postmottak.fjaler@fjaler.kommune.no

Bankgiro:
3755 07 10103

Innbetaling skatt
7855 05 14299

Indre Sunnfjord om felles kommunikasjonsline til IBM for å spare utgifter, og vurderer no felles økonomikontor. Dette viser at statleggjing ikkje er einaste løysinga. Spørsmålet om statleggjing av skatteinnkrevjarfunksjonane er sannsynlegvis ikkje tilstrekkeleg utgreidd; jf Vrålstad, ECON Analyse 1.06.04, der det vert stillt spørsmål ved analyser som ligg til grunn for utgreiinga – sitat: "Oppsummert mener vi at foreliggende analyse av Bernhardsen inneholder flere feil og mangler som i sum gjør at det er grunn til å tvile på flere av resultatene. Spesielt gjelder dette konklusjonen om at innfordringsresultatet er bedre for de større kommunene." (Kjelde: Kommunal økonomi nr 7 2004.) Det er sannsynleg at ei statleggjing vil vanskeleggjere innkrevjinga av kommunale avgifter, med bortfall av moglegheita ein har i dag til, gjennom skatteoppkrevjar, å ilegge påleggstrekk og motrekning i til gode skatt.

Det er elles grunn til å spørje seg om det ligg til grunn ein uuttalt overordna politisk strategi om ei framtidig arbeidsdeling av vitale samfunnsfunksjonar mellom stat og kommune innafor ein to-nivåmodell.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg:	19 røyster
Anne Erstad-van der Vlugt (V) sitt framlegg:	4 røyster

KOM-077/04 VEDTAK:

Fjaler kommunestyre syner til rådmannen sine vurderingar i saksutgreiinga og støttar fleirtalet i "skatteoppkreverutvalget" sitt framlegg om statleggjing av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Med helsing



Arne Kyrkjebø
rådmann

Direkte tlf: 57 73 80 55



Høyringsfråsegn til NOU 2004:12 Betre skatteinnkrevjing

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m. Kommunestyret	Møtedato 08.09.04	Saksnr 077/04	Saksansvarleg ARK
Arkivsaknr 2004000762	Sakshandsamar Arne Kyrkjebø	Arkiv K1-203, K3-&13	

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fjaler kommunestyre syner til rådmannen sine vurderingar i saksutgreiinga og støttar fleirtalet i "skatteoppkreverutvalget" sitt framlegg om statleggjering av skatteoppvevjarfunksjonen.

.....

08.09.04 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Anne Erstad-van der Vlugt sette fram rådmannen i Hyllestad sitt framlegg:

Fjaler kommunestyre meiner at skatteinnkrevjarfunksjonen fortsatt må vere kommunal. I tillegg til distriktpolitiske omsyn, og omsynet til kommunal sjølvråderett, viser ein til dokumentert gode innkrevjingsresultat. Nærleiken til skatteytarane gir god rettstryggleik og dialog med tanke på løysing av vanskelege innkrevjingssaker. Statleg innkrevjing vil kunne føre til ei sterk sentralisering og framandgjerung av innkrevjinga, der skattytarane vil stå overfor eit nådeløst vesen utan folkevalt innsyn og kontroll.

Ein innser likevel at det er rom for forbetringar innafor den kommunale organiseringa, med små fagmiljø og til dels små ressursar. For å betre på dette har kommunane i HAFS-regionen gått saman om ei felles stilling for å styrke arbeidsgjevarkontrollen – ei ordning som skattefuten er svært fornøgd med. HAFS-kommunane har elles gått saman med kommunane i Indre Sunnfjord om felles kommunikasjonsline til IBM for å spare utgifter, og vurderer no felles økonomikontor. Dette viser at statleggjering ikkje er einaste løysinga. Spørsmålet om statleggjering av skatteinnkrevjarfunksjonane er sannsynlegvis ikkje tilstrekkeleg utgreidd; jf Vrålstad, ECON Analyse 1.06.04, der det vert stillt spørsmål ved analyser som ligg til grunn for utgreiinga – sitat: "Oppsummert meiner vi at foreliggende analyse av Bernhardsen inneholder flere feil og mangler som i sum gjør at det er grunn til å tvile på flere av resultatene. Spesielt gjelder dette konklusjonen om at innfordringsresultatet er bedre for de større kommunene." (Kjelde: Kommunal økonomi nr 7 2004.) Det er sannsynleg at ei statleggjering vil vanskeleggjere innkrevjinga av kommunale avgifter, med bortfall av mogelegheita ein har i dag til, gjennom skatteoppkrevjar, å ilegge påleggstrekk og motrekning i til gode skatt.

Det er elles grunn til å spørje seg om det ligg til grunn ein uuttalt overordna politisk strategi om ei framtidig arbeidsdeling av vitale samfunnsfunksjonar mellom stat og kommune innafor ein to-nivåmodell.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg: 19 røyster
Anne Erstad-van der Vlugt (V) sitt framlegg: 4 røyster

KOM-077/04 VEDTAK:

Fjaler kommunestyre syner til rådmannen sine vurderingar i saksutgreiinga og støttar fleirtalet i "skatteoppkreverutvalget" sitt framlegg om statleggjing av skatteoppjevjarfunksjonen.

SAKSDOKUMENT:

Trykte vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	29.08.04	Statens forvaltningstjeneste	Bedre skatteoppkreving - Norges offentlige utredninger
2	I	29.08.04	Finansdepartementet	Høringsuttalelse - skatteoppkreverutvalgets utredning - NOU 2004:12
3	I	29.08.04	Hyllestad kommune	Kopi av møtebok - Høyringsfråsegn bedre skatteinnkrevjing

Ikkje trykte vedlegg i saka

1	I	29.08.2004	Statens forvaltningstjeneste	Bedre skatteoppkreving - Norges offentlige utredninger NOU 2004:12 (Sjå www.finans.dep.no under Aktuelt-høyringar)
---	---	------------	------------------------------	---

SAKSUTGREIING:

I Norge er det fellesinnkrevjing av inntektsskatt, formuesskatt, trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift. I 2004 omfattar denne fellesinnkrevjinga knapt 400 milliardar kroner. Av dette går om lag ein firedel til kommunar og fylkeskommunar, tre firedeler til staten og folketrygda. Kommunane har ansvar for innkrevjinga gjennom skatteoppjevjararkontora. Skatteoppjevjarane (SKO) er tilsette i kommunane, men ligg fagleg under skattefuten. Staten krev inn andre statlege skattar og avgifter som mva., toll mv. Desse utgjer til saman om lag 300 milliardar kroner.

"Skatteoppkreverutvalget" vart oppnemnt av Finansdepartementet i 3003. Mandatet var å vurdere og foreslå tiltak som kan forbetre resultatet av skatteoppjevjinga., både innanfor fortsatt kommunal organisering og alternativt innanfor statleg organisering.

Utvalet er samstemt om vurderingar og forslag til funksjonelle forbetringar for å betre innkrevjinga, men har delt seg i spørsmålet om organisering. Fleirtalet på fem tilrår at staten overtek all skatteinnkrevjing. Mindretalet på to (dei kommunale representantane) tilrår fortsatt kommunal organisering av funksjonen.

Fleirtalet sine vurderingar kan i stikkordsform oppsummerast slik:

- Oppgåvene sitt innhald og karakter tilseier at statleg organisering er mest naturleg.
- Statleggjing vil gje betre ressursutnytting og betre resultat og legge til rette for meir brukarorientert innretning av skatteforvaltninga.
- Analyser viser at det er ein systematisk tendens til at små og mellomstore kontor er mindre effektive og oppnår dårlegare resultat enn større.
- Samanslåing av SKO for fleire kommunar vil kunne betre dette, men vil samstundes undergrave argumenta om folkevalt kontroll og synergieffektar med øvrig kommuneadministrasjon.
- Felleskontor for fleire kommunar forsterkar konsekvensane av dagens oppsplitting med fagleg ansvar hos staten og ressursmessig ansvar hos kommunane.
- Skatteoppkrevjing er ei oppgåve som er sterkt regelstyrt og som har lite behov for lokal tilpassing og skjønn.
- Utskriving og innkrevjing av skatt skal ikkje ligge til samme instans sjølv om begge vert statlege. Det er ikkje registrert at dette skaper problem i t.d. Sverige som har dette systemet.

Mindretalet sine vurderingar kan i stikkordsform oppsummerast slik:

- Kommunale SKO oppnår gode resultat og det er ikkje noko som tyder på at det er noko å tene på statleggjing.
- Kommunale SKO kan dokumentere god brukarservice med betre tilgjenge, kundehandsaming, sakshandsamingstid og informasjon enn statlege skattekontor.
- Betre rettssikkerheit for skattytarane når utskrivning og innkrevjing av skatt ikkje ligg til samme instans.
- Kommunalt ansvar for SKO gir synergieffektar til andre kommunale oppgåver som innkrevjing av avgifter og annan fakturering. Det vil bidra til å oppretthalde kompetanse i små kommunar.
- Kommunal innkrevjing bidrar til å oppretthalde kommunalt sjølvstyre.
- Statleggjing vil medføre sentralisering.
- Statleggjing vil redusere folkevalt innsyn i skatteinnkrevjing.
- Statleggjing vil medføre store overgangskostnader,

Sentralstyret i KS går inn for å behalde skatteoppkrevjinga som ei kommunal oppgåve og har grunnlagt dette i eigen høyringsuttale. Dei har også utarbeidd ei momentliste til bruk for kommunane i deira vurdering. Denne lista følgjer som vedlegg.

Regionrådet skal drøfte saka i møte 7. september. Rådmannen i Hyllestad har utarbeidd framlegg til vedtak i Hyllestad kommunestyre (sjå vedlegg). Dette framlegget saman med mi saksutgreiing vil ligge til grunn for regionrådet si drøfting.

VURDERING:

Det er mange tilhøve og argument som er relevante når ein skal vurdere organisatorisk plassering av SKO, og det er gode argument for både statleggjing og å halde fram med kommunal organisering som i dag. KS har lagt svært stor vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyret og til folkevalt innsyn og kontroll. Eg er i tvil om denne argumentasjonen heilt ut er haldbar og er i hovudsak samd med fleirtalet i utvalet i deira vurderingar og konklusjon. Det er spesielt eit par tilhøve som eg meiner mindretalet i utvalet og sentralstyret i KS ikkje har lagt tilstrekkeleg vekt på og som etter mitt syn er avgjerande:

I HAFS-utgreiinga om interkommunalt samarbeid konkluderte arbeidsgruppa med å tilrå eit felleskontor for skatteinnkrevjing og fakturering. Hovudgrunngevinga er å styrke kompetansen og spare ressursar. Ei slik organisering vil i seg sjølv svekke kontakten med den øvrige kommuneadministrasjonen og gje mindre rom for folkevald styring og kontroll. Dermed er hovudargumentet til mindretalet i utvalet sterkt svekka sjølv om det framleis er kommunane som har det formelle ansvaret.

Det er etter mitt syn eit klart paradoks i at kommunane skal ha ressurs- og personalansvaret for innkrevjing av skattar medan det er staten som har det faglege ansvaret for denne funksjonen. Når det i tillegg er slik at berre ein mindre del av det som vert kravd inn fell på kommunane, forsterkar det argumenta for at dei som har det faglege ansvaret og har størst økonomisk interesse i resultatet også har ressursansvar og styringsrett over personalet i skatteoppkrevjinga.

Eg forstår argumenta om nærleik og politisk innsyn og kontroll, men er litt i tvil om nærleik alltid er positiv i denne typen saker og om kor stor betydning politisk innsyn og kontroll har i eit saksområde som er så regelstyrt og der det bør vere viktig med lik handsaming uavhengig av heimekommune.

Eit viktig argument for å behalde kommunal skatteinnkrevjing er omsynet til å behalde kompetanse og arbeidsplassar i kommunane og at det i visse høve kan lette innkrevjing av andre tilgodehavande at ein gjennom SKO kan ilegge påleggstrekk og motrekning i tilgodeskatt.

Etter ei samla vurdering vil eg tilrå at Fjaler kommune støttar fleirtalet si tilråding om statleggjing av skatteoppkrevjarfunksjonen.